

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020 BERGEN

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest

Sakshandsamar: Ingerid Bjørkevoll

Telefon: 91393269

Vår referanse: 18/7769

Dykkar
referanse:

Dato: 05.07.2018

Kvam herad Hordaland - Offentleg ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel - motsegn

Syner til brev av 08.05.2018 med framlegg til kommuneplanen sin arealdel for Kvam herad og e-post av 27.06.2018 der vi fekk utsatt frist til 07.07.2018.

Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

Fiskeridirektoratet region Vest går til motsegn pga. nytt akvakulturområde sør vest av Kvamsøy (AK 27) som kjem i konflikt med nøkkelområde for brislingfiske, sjå nedanfor under fiske.

Akvakultur

Kommunen har lagt ned eit godt arbeid med å gå gjennom kvar akvakulturlokalitet, endra storleik på området som kvar lokalitet har til rådighet eller funne andre betre eigna område for anlegga. Dette tykkjer Fiskeridirektoratet region Vest er positivt.

Områda for akvakultur kjem i dei fleste tilfella ikkje i konflikt med viktige område som vi har registrert til fiske i våre kartdata. Informasjon om desse områda kan finnast i vårt kartverktøy på heimesida vår (<https://fiskeridir.no>). Kommunen har ikkje tatt med område for fiskeri i deira gjennomgang av akvakulturlokalitetar. Fiskeri må takast med i vurderinga i

framtida. Det vert fiska og låssatt brisling i Kvam kommune, og ein del av områda som nyttast i dette fiske er av nasjonal/regional verdi. Sjå nedanfor under fiskeri.

Rossholmen er ein veldig grunn lokalitet så vi vil oppmode kommunen å finne ein annan ny lokalitet på djupare vatn enn AK 27 ved Kvamsøy.

Marint biologisk mangfald

Kommunen har også gjort eit godt arbeid med å få oversikt over kva marint biologisk mangfald som er kartlagt i Kvam kommune. Naturmangfald er med i gjennomgangen av område for akvakultur.

Massedeponi

Kommunen har som mål å bruke overskotsmassar frå utbyggingsprosjekt til samfunnsnyttige tiltak. Masser frå bygging av tunnellar og liknande blir ofte dumpa i sjøen, og dette kan påverke livet i sjøen på ein negativ måte. Fiskeridirektoratet region Vest tykkjer derfor det er positivt at det leggst opp til at desse massane skal nyttast i staden for å bli dumpa i sjø.

Fiskeri

Nytt akvakulturområde sør vest av Kvamsøy (AK 27)

Kommunen har tenkt å flytte lokaliteten for visningscenteret ved Steinstø til ein lokalitet sørvest for Kvamsøy. Denne lokaliteten er djupare og mykje lenger frå land enn lokalitet ved Rossholmen. Den vil derfor vere ein mykje betre lokalitet for akvakultur enn den ved Rossholmen. Det nye området ved Kvamsøy kjem i konflikt med eit viktig område for fiske etter brisling, og vil sannsynlegvis legge beslag på heile det området vi har registrert ved Kvamsøy.

Data vi har frå intervju med fiskarar i 2008 viser at det området vi har registrert ved Kvamsøy er eit nøkkelområde for brislingfiske. Ein brislingfiskar som vi snakka med i juli 2018 seier også at dette området var viktig for brisling før når bestanden var større. Same fiskar seier at ein del av brislingen som blir låssatt ved Framnes blir fiska i dette området. Vi har data frå 2009 og tidlegare frå Sildesalslaget som viser at Framnes vart brukt mykje til låsetting av brisling. Dette underbygger at det er eit viktig område når fiske går føre seg i denne delen av Hardangerfjorden. Ein forskar frå Havforskningsinstituttet som vi har hatt kontakt med skriv at dei ofte ser ein del brisling i dette området når dei har tokt i Hardangerfjorden.

Motsegn pga. nytt akvakulturområde sør vest av Kvamsøy (AK 27).

Fiskarar frå fleire fylker kan ta del i brislingsfiske når det går føre seg i Hardangerfjorden. Dette betyr at dette fiske er av regional/nasjonal viktighet. Det varierer frå år til år kor brislingfiske går føre seg i Hardangerfjorden. Nokre år kan fiskarane fiske innerst i fjorden

og andre gongar ytst i fjorden. Dei siste åra har bestanden av brisling vore mindre enn tidlegare år, uvisst av kva grunn. Det er likevel viktig at nøkkelområde for brislingen ikkje går tapt slik at fisken ikkje kan kome tilbake til desse områda. Fiskaren vi har hatt kontakt med seier at det er spesielle straumforhold ved Kvamsøy som gjer at åten samlar seg her og brislingen finn dermed mat her. Data vi har frå Sildesalslaget om låssetting på Framnes og observasjonar frå Havforskningsinstituttet og fiskarar underbygger at dette området er viktig i brislingfiske.

Fiskeridirektoratet region Vest går derfor til motsegn mot at det leggst eit nytt akvakulturområde sør vest for Kvamsøy. Vi vel trekke motsegna når kommunen tar vekk dette området.

Kaste og låssettingsplassar

Låssettingsplassen vi har registrert i Ljonesvågen er ikkje med i arealkartet. Dette er ein viktig låssettingsplass når brislingfiske går føre seg i denne delen av Hardangerfjorden. Vi har registreringar av bruk av plassen frå Sildesalslaget. Derfor vil vi be om at denne låssettingsplassen blir tatt inn i arealkartet.

Låssettingsplassen vi har registrert ved Kvamsøy er satt av som friluftsområde i arealplanen. Denne låssettingsplassen blir etter dei data vi har frå Sildesalslaget, sporadisk brukt til brislingfiske. Vi vil derfor be om at dette område blir satt av som arealkategori fiske i tillegg til friluftsområde. Friluftsliv og fiske vil normalt ikkje vere i konflikt med kvarandre dersom ikkje område er i bruk til fiske eller ein får installasjonar som er til hinder for fiske i området. Dersom området også vert satt av til fiske vil låssettigs-plassen bli beskytta mot slike installasjonar. Eventuelt kan ein ha ei føresegn som seier at det ikkje er lov med faste installasjonar i dette friluftsområdet. Eit tredje alternativ er at dette området blir eit del av fleirbruksområdet i sjø.

Føresegnene

I paragraf 2.5.3 i føresegnene står det om akvakultur:

«I akvakulturområde går akvakultur framfor annan bruk av området. Det kan ikkje tillatast tiltak som er til ulempe for akvakultur innafor området.»

Det må også takast inn ein paragraf om fiske der det står at det ikkje kan tillatast tiltak som er til ulempe for fiske i område satt av til fiske.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------

Kopi til:

Cecilie Kvamme			
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Kåre Heggebø	Nerheimsvegen 45	5580	ØLEN